

ÅRSMØTE I VALLDAL BYGDEKVINNELAG
torsdag 5. nov. 2015 i Jordbærhuset på Døving

18 møtte.

Solveig, leiar, ynskte velkomen og vi starta opp med "Samlesong" av Marta Schumann.
Så las leiar formålsparagrafen til NBK.

Sak 1 Konstituering

Innkalling – godkjend utan merknad.

Sakliste – godkjend utan merknad.

Møteleiar – framlegg om Turid Aspehjell - ho vart vald.

Skrivar – framlegg om Sunneva Linge - ho vart vald.

To til å skrive under møteboka –

framlegg om Vigdis Døving Mork og Mariann G. Døving - dei vart valde.

Sak 2 Årsmelding for VBK og undergruppene v/ Solveig Linge Stakkestad

(Sjå vedlegg.)

Årsmeldinga godkjend utan merknad .

(Applaus for leiar som hadde vore i teselskap hos kongen.)

Sak 3 Rekneskap v/ Turid Aspehjell (Sjå vedlegg)

Framlegg om å utsetje ferdig rekneskap til etter nyttår med godkjenning på eit ekstraordinært årsmøte tidleg i 2016. Rekneskapen skal fylgje kalenderåret.

Samråystes godkjend.

Ingen merknader til den uferdig rekneskapen som vart presentert.

Sak 4 Arbeidsplan for VBK 2016 (Sjå vedlegg)

Leiar las planen og årsmøtet tok han til vitande.

Innspel frå medlemer: Flyktningar – bør VBK involvere seg?

Dialekten vår – bør lesast inn . Kanskje samarbeid med sogelag, mållag.

Leiar forklarte på spørsmål at laget plukkar ut moment i planen som er aktuelle for arbeidsåret 2016.

Sak 5 Kontingent

Framlegg frå styret på uendra kontingent, 0 kr. til laget.

Samråystes vedteke.

Sak 6 Val v/ Liv Bersås frå valnemnda

Styre:	Solveig Linge Stakkestad leiar	2015 – 2016 attval.
--------	--------------------------------	---------------------

Bjørg Sætren Kleppe	2015 – 2017 attval.
---------------------	---------------------

Mette Marie Døving	2015 – 2017 attval.
--------------------	---------------------

Turid Aspehjell	2015 – 2017 ny
-----------------	----------------

Sunneva Linge	2014 – 2016 ikkje på val
---------------	--------------------------

1.vara:	Astrid Bakke Andersen	2015 – 2016 ny
---------	-----------------------	----------------

2.vara:	Mariann Gundersen Døving	2015 – 2016 ny
---------	--------------------------	----------------

3. vara:	Anne Marie M. Moe	2015 – 2016 attval
4. vara:	Eva Muribø	2015 – 2016 attval
Revisorar:	Kristin Hjelme, Kristi L. Stakkestad	2015 - 2016 attval
Heimeside:	Judith G. Krogh	2015 – 2016 attval
Nyføddgåve:	Randi Hole Heggen	2015 – 2016 attval
Syng med oss:	Astrid Bakke Andersen	2015 – 2016 attval
Sansehage:	Astrid B. Andersen, Judith G. Krogh	2015 – 2016 nye
Kafegruppe:	Inger G. Sandnes, Vigdis D. Mork, Eva Hansen, Else Rødal, Inger Lise Hjelle, Inger Sissel Berdal, Bodil Døving, Kristi L. Stakkestad	2015 – 2016 nye
Tur/aktivitetsgr.:	Mariann G. Døving, Anne Nygård, Kari Gjerde, Liv Bersås	2015 – 2016 nye
Valnemnd:	Inger G. Sandnes	2013 – 2016
	Mariann G. Døving	2014 – 2017
	Judith G. Krogh	2015 – 2018 ny

Turid Aspehjell orienterte litt om prosjektet "Gamle setervegar".
 Det skal skrivast ein rapport til "Gjensidige" som gav oss pengane vi søkte om.
 Avslutning blir 4. des. på Jordbærstova. Då skal det også delast ut premiar.

Marie Aaslie frå NBK_administrasjonen var gjest på årsmøtet.
 Det var ei blid og hyggjeleg dame som rosa laget vårt for all aktiviteten.
 Ho orienterte m. a. om:
 "Bygda i bevegelse" – 4 årstdidsturar.
 Medlemsfordelar som BK hjelpefond, juridisk hjelpetelefon, agrokkort m/mange avtalar, rabatt på bladet "Lev landlig" m. m.
 NBK- årsmøte – kjem framlegg om endringar i vedtekten, i delegattal.

Så var årsmøtet over, og det var klart for siste del av kvelden -
 Hilde frå Stranda Blomster hadde møtt opp med mykje fint frå butikken.
 Men først var det mat for medlemer og andre interesserte.
 Mette Marie hadde laga til mykje godt, men særleg var bløtkaka kjempegod.
 Ho fortalte også litt om Andersgarden og den gamle kyrkja.

Hilde viste oss korleis ho laga ulike dekorasjonar, gåver. Ho hadde også med fleire ferdige dekorasjonar for sal. Folk fylgte interessert med, og det var mange som kjøpte med seg noko heim, anten det var ferdige ting eller ingrediensar som dei kunne bruke når dei sjølve laga noko. Vi var til saman 43 frammette på den

siste delen av kvelden. Folk kosa seg og hadde det triveleg!

Sunneva Linge skrivar